

UiO : Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo

Sensorveiledning

JUS1111 - Privatrett I - Vår 2017

Dato: Tirsdag 30.mai 2017

Tid: Kl 10.00 - 16.00

Del 1

Oppgåva har den forma som har vore nytta gjennom nokre år, der kandidatane skal svara på spørsmål i staden for å finne og drøfte krav og grunnlag. I opplæringa blir det lagt vekt på krav og grunnlag, og inndelinga i spørsmål kan kanskje verke forvirrende på kandidatar som har tileigna seg den meir vidarekomne måten å skrive jus på. Sensorane bør ta omsyn til dette.

Spørsmål 1: «Er det inngått bindende avtale i overensstemmelse med ordrebekreftelsen mellom Ås Eiendomsutvikling AS og Designkjøkken AS?»

Læringskrava går ut på at kandidatane skal ha gode kunnskarar om lovfesta og ulovfesta reglar og prinsipp om avtaleinngåing, «herunder vedrørende ulike kommersielle avtaleslutningsmekanismer». Vektleggginga av modellen i avtalelova kapittel 1 varierer noko i dei ulike variantane av hovudlitteraturen i faget, og fleire måtar å drøfte spørsmålet på må godtakast.

Kandidatane bør få fram at det sentrale spørsmålet blir om Designkjøkken med rette kunne oppfatte utsegner og handlemåte frå Ås Eiendomsutvikling slik at Ås Eiendomsutvikling hadde bunde seg til å kjøpe benkeplater på dei vilkåra som gjekk fram av e-brevet med ordrestadfesting.

E-brevet frå Ås Eiendomsutvikling med utsegna «vi går for» er isolert sett nokså ubestemt, men på bakgrunn av den tidlegare kontakten kan det forsvarast å sjå dette som ein lovnad (eit tilbud) om kjøp. Kjøpstingen – benkeplatene – er spesifisert med type, mengd og mål. Pris og leveringstid kan fastleggjast ved utfylling. Aksepten frå Designkjøkken må i tilfelle helst liggje i e-brevet med ordrestadfesting (den første tilbakemeldinga frå Designkjøkken er meir vag).



UiO : Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo

Ei presisering av innvendinga frå Ås Eiendomsutvikling kan vera at tilbodet ikkje med rette kunne oppfattast slik at det var aktuelt å kjøpe med så lang leveringstid. Det gjekk fram av den første førespurnaden at det hasta. Ut frå dette synspunktet er e-brevet frå Designkjøkken ein avvikande aksept. Designkjøkken meiner på den andre sida at leveringstida er normal, og at aksepten dermed ikkje kan reknast som eit avvik frå tilbodet.

Kjem ein til at Designkjøkken har rett i dette prinsipale synspunktet, er avtale gjord alt i og med aksepten.

Kjem ein til at e-brevet frå Ås Eiendomsutvikling med rette berre kunne oppfattast som eit tilbod om kjøp med kort leveringstid, er neste spørsmål om Ås Eiendomsutvikling måtte forstå at Designkjøkken sjølv meinte at aksepten stemte med tilbodet. Er det tilfellet, må det vidare avgjerast om Ås Eiendomsutvikling «uten ugrundet ophold» sa frå om avviket. Elles er utgangspunktet at Ås Eiendomsutvikling blir bundne i samsvar med aksepten (avtalelova § 6 andre ledd).

Når Ås Eiendomsutvikling venta ei veke med å reagere, kan det vanskeleg seiast å vera utan unødig opphald i denne situasjonen. Her kan ein trekkje inn som eit moment at e-brevet opplyste at platene alt var sette i produksjon. Eit anna moment er at forma ordrestadfesting gjev eit nokså klårt signal om at Designkjøkken meiner at avtale er komen i stand, og at aksepten er samsvarande.

Vil ein stille seg friare til modellen i avtalelova kapittel 1, kan ein likevel sjå § 6 andre ledd som ei meir generell norm («lojalitetsnorm») som kan føre til at Ås Eiendomsutvikling blir bundne.

Det er òg rom for det synspunktet at Designkjøkken ikkje med rette kunne oppfatte «vi går for»-meldinga som eit tilbod, og at Designkjøkken ikkje kunne nøye seg med å sende ei ordrestadfesting utan å sikre seg at partane var samde om vilkåra. I så fall er det ikkje opplagt at Ås Eiendomsutvikling skal blir bundne berre fordi dei ventar ei veke med å protestere mot ordrestadfestinga.

Som vanleg er drøftinga viktigare enn konklusjonen, men kandidatane skal ta standpunkt.

Spørsmål 2: «Foreligger det mangel ved benkeplatene?»



UiO : Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo

Kandidatane bør knyte mangelsdrøftinga til vilkåra i kjøpslova § 17. Avtalen regulerer ikkje spørsmålet om materialar med reine ord. Neste spørsmål kan vera om tingen ikkje passar til «et bestemt formål som selgeren var eller måtte være kjent med da kjøpet ble inngått» (§ 17 andre ledd bokstav b). Her visste Designkjøkken at bustadene var marknadsførte med miljøkvalitetar. Vidare visste dei at trea stod på ei liste over utryddingstruga tre. Spørsmålet blir om Ås Eiendomsutvikling her «bygde på selgerens sakkunnskap og vurdering» og «hadde rimelig grunn til å gjøre det». Innvendinga frå Designbygg er at dei ikkje hadde sett seg meir inn i dette med «grøn profil», og at Ås Eiendomsutvikling ikkje hadde presisert noko om tresort. På den eine sida bør ein kjøpar som krev særlege kvalitetar, sjølv presisere dette og eventuelt undersøkje nærare om materialvalet. På den andre sida er det seljaren som har sakkunnskapen om dei leverte varene og kvar materialane kjem frå.

Opplysningssvikt kan godt drøftast. Da er spørsmålet om Designkjøkken har forsømt å gie opplysningar som som Ås Eiendomsutvikling kunne rekne med å få, og i tilfelle om dette kan ha verka inn på kjøpet. Regelen kjem noko indirekte fram i kjøpslova § 19 første ledd bokstav b for kjøp med som han er-atterhald. Det er ikkje tvilsamt at regelen gjeld òg i kjøp utan slikt atterhald. I eit tilfelle som dette er det inga skarp grense mellom regelen i § 17 andre ledd bokstav b og regelen om opplysningssvikt.

Drøftinga av § 17 andre ledd bokstav b og av opplysningssvikt fører fort over i ei drøfting av kva som er «vanleg god vare» – kva kjøparen med rette kan vente der ikkje anna er avtala eller opplyst. I næringskjøp kjem dette vilkåret fram anten av § 17 andre ledd bokstav a (passe for vanleg føremål) eller av ein supplerande ulovfesta regel (slik Høgsterett meinte i Rt. 1998 s. 774, videospelardommen). I forbrukarkjøpslova § 15 andre ledd bokstav kjem det same fram som eit krav om tingen skal svara til det forbrukaren «har grunn til å forvente ved kjøp av en slik ting når det gjelder holdbarhet og andre egenskaper». Nokre av studentane vil kjenne eit synspunkt frå litteraturen om at denne føresegna gjev rettleiing òg for andre kontraktar enn forbrukarkjøp.

I dag er det uråd å seie noko sikkert om i kva grad miljøomsyn kan spela inn i fastlegginga av det kjøparen med rette kan vente. For ein kjøpar som skal selje varene vidare, kan «etiske» avvik føre til reaksjonar frå kundar, noko oppgåva illustrerer godt. At varene er lovlege, er i den samanhengen nokså irrelevant; ikkje alt som er lovleg, er i samsvar med avtalen. På den andre sida kan det vera usikkert kvar grensene skal trekkjast i eit samfunn der vi framleis er langt frå å handheve ideelle krav til vareproduksjon. Kanskje er det strengt å stille høge krav at dette slaget til varene.

Her òg er drøftinga viktigare enn konklusjonen.



UiO : Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo

Spørsmål 3: «Hvis man forutsetter at det foreligger mangel ved kjøkkenplatene, kan Ås Eiendomsutvikling AS kreve at Designkjøkken AS leverer nye benkeplater av en annen sort vederlagsfritt?»

Dette er eit krav om omlevering. Vilåret er at mangelen er vesentleg (kjøpslova § 34), og dessutan kan omlevering ikkje krevjast dersom det ligg føre hindring eller mishøve som nemnde i § 23.

Vurderinga av om mangelen er vesentleg, er ikkje enkel i eit tilfelle som dette. Strengt teke kan ein seie at «skaden er skjedd»; det er ikkje til hjelp for miljøet om ein går ut og feller fleire tre (om enn av anna slag) for å laga nye benkeplater. Interesse på kjøparsida – Ås Eiendomsutvikling og deira kundar – må i tilfelle liggje i at det blir oppfatta som utriveleg med den miljøvenlege løysinga, at platene gjev bustadene eit mindre attraktivt preg. I ein forbrukarsamanheng (som det er for kundane) kan både estetiske og kjensleprega ulemper vera relevante i vurderinga av kva som er ein vesentleg mangel. Kanskje kan ein òg argumentere med ein preventiv effekt av at slike manglar bør ha følgjer.

I vesentlegvurderinga kan ein trekkje inn spørsmål om kjøparen er like godt tent med alternative krav; her måtte det helst bli eit prisavslag. Heller ikkje dette gjev noko eintydig svar.

Helst bør vi seie at det mangelen neppe kan reknast som vesentleg i eit tilfelle som dette.

Om ein først kjem til at mangelen er vesentleg, må ein avgjera om mishøvevurderinga i § 23 slår inn. Det aktuelle her er at oppfyllinga kan føre med seg så stor ulempe eller kostnad for seljaren at det står i vesentleg mishøve til kjøparens interesse i oppfylling. Vi har ikkje opplysningar om at det isolert sett er spesielle vanskar med utskiftinga, og det blir dermed kostnaden med ny oppfylling som set grensa. Kostnaden må vegast opp mot kjøparens interesse i omlevering. Her bør det vera ein samanheng mellom vesentlegvurderinga og mishøvevurderinga: Reknar vi mangelen som vesentleg på grunn av verknadene for kjøparen, er det ikkje utan vidare enkelt å seie at kostnaden med omlevering står i mishøve til kjøparens interesse.

Kandidatar med sans for det paradoksale vil kanskje minne om at miljøomsyn vart trekte inn som argument mot omlevering i støvlethældommen (Rt. 2006 s. 179). Omlevering i vårt tilfelle ville nettopp innebera «bruk og kast».



UiO : Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo

Spørsmåla kring avtaleinngåing, mangelsvurdering og omlevering er sentrale, og kandidatane bør vera stødige i dei dei grunnleggjande drøftingane. Miljøomsyn og etiske krav i mangelsvurderinga er lite omhandla i hovudlitteraturen, og vi kan ikkje vente at kandidatane har kjennskap til dei spørsmåla. På den andre sida føreset ikkje drøftinga av dette meir enn god innsikt i dei allmenne momenta til ei mangelsvurdering.

Del 2

Oppgaveteksten lyder som følger:

"Redegjør for regelen om skadelidtes medvirkning i skadeserstatningsloven § 5-1 nr. 1. Gi herunder en oversikt over hensynene bak medvirkningsregelen."

Det fremgår av læringskravene at studentene skal ha god kunnskap om reglene om skadelidtes medvirkning. Temaet er behandlet i alle de tre alternativene til hovedlitteratur. Viggo Hagstrøm og Are Stenvik, Erstatningsrett (2015) behandler temaet på s. 460-475, Trine-Lise Wilhelmsen og Birgitte Hagland, Om erstatningsrett (2017) på s. 295-306 og Morten Kjelland, Erstatningsrett - en lærebok (2016) på s. 393-408. Reglene om skadelidtes medvirkning er også behandlet på forelesninger i erstatningsrett.

Oppgaven ber om en redegjørelse for regelen i § 5-1 nr. 1. Spørsmålene om tapsbegrensningsplikt og identifikasjon i § 5-1 nr. 2 og 3 skal følgelig ikke behandles. Det må likevel være i orden om kandidatene kommer inn spørsmålet om passiv identifikasjon, jf særlig Høyesteretts behandling av temaet i personskadetilfellene i Rt. 1991 s. 1303 (Gulvlukedommen) og Rt. 2002 s. 1283 (Damdommen). Begge dommer er nok kjent for mange kandidater, og Gulvlukedommen er inntatt i domssamlingen. I og med at spørsmålet om passiv identifikasjon strengt tatt hører hjemme under § 5-1 nr. 3, skal det ikke føre til trekk hvis temaet ikke er behandlet.



UiO : Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo

Enkelte kandidater vil kanskje også gå inn på medvirkningsregelen i bilansvarsloven § 7. Det må være greit såfremt redegjørelsen bidrar til forståelsen av skadeserstatningsloven § 5-1 nr. 1. Enkelte dommer som behandler bilansvarsloven § 7 gir veiledning også ved tolkningen av medvirkningsregelen i skadeserstatningsloven. På samme måte som for spørsmålet om passiv identifikasjon, bør det ikke telle negativt dersom bilansvarsloven § 7 ikke er behandlet.

Skadeserstatningsloven § 5-1 nr. 1 har følgende ordlyd:

"Dersom den direkte skadelidte eller erstatningssøkeren har medvirket til skaden ved egen skyld, kan erstatningen settes ned eller falle bort for så vidt det er rimelig når en tar hensyn til atferden, og dens betydning for at skaden skjedde, omfanget av skaden og forholdene ellers. Dette gjelder likevel ikke dersom skadelidte på skadetiden ikke hadde fylt 10 år."

Innledningsvis i besvarelsen kan det være naturlig å redegjøre kort for hovedinnholdet i medvirkningsregelen og hvilken plass den har i erstatningsretten. Kandidatene bør få frem at skadeserstatningsloven § 5-1 nr. 1 er av betydning der grunnvilkårene for erstatning - ansvarsgrunnlag, adekvat årsakssammenheng og økonomisk tap - er oppfylt, men hvor skadelidtes medvirkning til skaden ved egen skyld tilsier at erstatningen bør settes ned eller bortfalle. Konsekvensene av en slik avkortning er at tapet blir fordelt mellom skadevolder og skadelidte, se Wilhelmsen og Hagland s. 295. Det er også verdt å merke seg at bestemmelsen gjelder uavhengig av hvilket ansvarsgrunnlag som gjelder for skadevolder.

Enkelte vil kanskje peke på at skadelidtes forhold også kan være av betydning for bedømmelsen av andre erstatningsrettslige spørsmål, som ved vurderingen av skadevolders skyldansvar. Kandidatene bør få uttelling for dette, men en eventuell redegjørelse bør være kortfattet og ikke gå på bekostning av drøftelsen av § 5-1.

Oppgaven ber uttrykkelig om en oversikt over hensynene bak medvirkningsregelen. Det er naturlig å behandle hensynene innledningsvis i besvarelsen, men slik oppgaven er formulert er det også greit om det behandles senere. I og med at oppgaven ber om en oversikt, kan redegjørelsen for hensynene være kort. Dersom hensynene ikke er behandlet i det hele tatt, må det imidlertid føre til trekk.



UiO : Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo

Det er verdt å merke seg at de tre alternative hovedlitteraturkildene beskriver hensynene på litt forskjellige måter. Fremstillingene til kandidatene kan derfor kanskje også variere noe, avhengig av hvilket lærebokalternativ de har lest. Hagstrøm og Stenvik peker på at det i første rekke er rettferdighetsbetraktninger som bærer medvirkningsregelen, og ikke prevensjonshensynet selv om sistnevnte tidligere har vært anført som bærende for medvirkningsregelen (s. 462). Kjelland har en litt mer omfattende behandling av hensynene, hvor prevensjonshensynet og alminnelige rettferdsforstillinger fremheves som hovedhensyn (s. 395-397). Wilhelmsen og Hagland peker blant annet på at begrunnelsen for medvirkningsreglene finnes i det samme hensynene som begrunner erstatningsansvaret - prevensjonshensyn, reparasjonshensyn, hensynet til en rimelig risikofordeling og pulveringshensyn - og at hensynene og forholdet mellom dem vil variere avhengig av livsområde mv. (s. 296-297).

Kandidatene bør se at avkortning ved medvirkning fører til at skadelidte ikke får full erstatning, og at reparasjonshensynet følgelig ikke får fullt gjennomslag. Gode redegjørelser for hensynene er ellers egnet til å vise god forståelse for medvirkningsregelens plassering i erstatningsretten, og må gis uttelling, men noen vil nok oppfatte spørsmålet som krevende.

Videre i besvarelsen må kandidatene redegjøre for vilkår og vurderingstemaer i § 5-1 nr. 1, og forankre vurderingene i lovens ordlyd. Det foreligger også en del relevant rettspraksis. Kandidatene kan blant annet trekke på Rt. 2000 s. 1991 (Alpinbakke I), som er inntatt i domssamlingen.

Kandidatene bør få frem at lovens ordlyd oppstiller som vilkår at skadelidte har "medvirket til skaden ved egen skyld". I dette ligger det et skyldkrav ("skyld") og et krav om årsakssammenheng ("medvirket til skaden"). Videre må kandidatene se at § 5-1 nr. 1 er en "kan"-regel, hvor spørsmålet om erstatningen skal settes ned eller falle bort beror på en skjønnsmessig helhetsvurdering på grunnlag av momentene angitt i bestemmelsen. Det er altså ikke gitt at erstatningen skal settes ned selv om grunnvilkårene i bestemmelsen er oppfylt.

Vilkåret om at skadelidte har utvist skyld innebærer et krav om at det må foreligge uaktsom medvirkning (eller grovere skyldformer). I utgangspunktet legger bestemmelsen følgelig opp til den samme vurderingen som ved culpa som ansvarsgrunnlag. Det er derfor naturlig om kandidatene redegjør helt kort for de sentrale momentene i denne vurderingen, selv om det ikke er tid til å foreta noen utførlig gjennomgang.



UiO : Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo

Tatt i betraktning at perspektivet er et annet når man står ovenfor spørsmålet om skadelidtes medvirkning til egen skade, kan vurderingen avvike noe fra en alminnelig culpavurdering. Rt. 2000 s. 1991 er et illustrerende eksempel på skyldvurderingen etter § 5-1, som kandidatene gjerne kan vise til. Hagstrøm og Stenvik fremhever i denne sammenheng på at kravene til skadelidtes aktsomhet særlig beror på hvor synbar, nærliggende og betydelig risikoen er (s. 464). De fleste kandidatene vil nok nøye seg med å peke på at bestemmelsen legger opp til en alminnelig culpavurdering. De kandidatene som klarer å få frem vurderingens egenart etter § 5-1 bør få et stort pluss for det.

Noen vil antakeligvis også peke på Rt. 2015 s. 606 (Togklatrer), hvor en psykotisk person ble ansett for ikke å oppfylle kravet til selvskyldvne (men merk at dommen er såpass ny at den ikke er omtalt i Hagstrøm og Stenvik).

Skadeserstatningsloven § 5-1 nr. 1 stiller videre krav om årsakssammenheng mellom skadelidtes medvirkning og skaden. Betingelseslæren vil her gjelde på samme måte som for det alminnelige årsakskravet i erstatningsretten. Tatt i betraktning at kandidatene har begrenset med tid til rådighet, og at skyldkravet kan sies å være det sentrale vilkåret i bestemmelsen, er det forståelig om kandidatene ikke gjør så mye ut av årsakskravet. De som gjør det bør likevel få uttelling for gode drøftelser.

Skadeserstatningsloven § 5-1 nr. 1 annet punktum fremsetter at medvirkningsansvaret ikke gjelder barn som ikke hadde fylt 10 år på skadetidspunktet. Selv om eldre barn i utgangspunktet er omfattet av medvirkningsregelen, er det klart at skadelidtes egne forutsetninger er av stor betydning i vurderingen, og at eldre barn derfor også må tillates en ekstra feilmargin og bedømmes mildt.



UiO : Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo

Kandidatene må få frem at skadeserstatningsloven § 5-1 nr. 1 er en "kan"-regel, som åpner for en bred vurdering av om erstatningen bør settes ned eller falle bort dersom skadelidte har medvirket til skaden ved egen skyld. Bestemmelsen legger opp til en rimelighetvurdering, jf ordlyden "for så vidt det er rimelig", hvor en skal ta hensyn til "atferden, og dens betydning for at skaden skjedde, omfanget av skaden og forholdene ellers". Skyldforholdene både på skadelidte- og skadevoldersiden vil være av betydning i vurderingen. Hvis skadevolder har handlet grovt uaktsomt skal det nok mye til for at rimelighetsbetraktninger tilsier redusert erstatning, men Rt 2000. s. 211 (DnB-dommen) er et eksempel på reduksjon også i et tilfelle hvor skadevolder hadde opptrådt forsettlig i vinnings hensikt. Hvis skadelidte har opptrådt grovt uaktsomt, vil det ha stor betydning i vurderingen, jf ordlyden "atferden". Dersom skadelidte har opptrådt mindre klanderverdig og bidraget til skaden er lite, vil det på den annen side tale mot at avkortning bør finne sted. Skadelidtes uaktsomhet må her vurderes opp mot skadevolders handlinger. Bestemmelsens ordlyd "forholdene ellers" åpner for en bred vurdering hvor en må foreta en interesseavveining. Kjelland omtaler dette som en ""sekkepost", hvor rettsanvenderen kan foreta brede sosialpolitiske og økonomiske avveininger av hvorvidt erstatningen skal avkortes" (s. 404).

Forutsatt tidsbruk for teorioppgaven er om lag to timer. Redegjørelsen ovenfor er skrevet som en veiledning for sensorene om hvilke temaer kandidatene kan tenkes å skrive om, og den går utover hva det er mulig å rekke i løpet av to timer. En må kunne forvente at kandidatene får frem de helt sentrale sidene ved bestemmelsen, slik som hensynene, vilkåret om skadelidtes skyld og at det er en "kan"-regel som legger opp til en bred vurdering dersom grunnvilkårene er oppfylt. Utover dette må kandidatene stå nokså fritt til å prioritere hvilke sider av bestemmelsen de ønsker å behandle i mer detalj. Det sentrale for bedømmelsen er kvaliteten på de temaene som er behandlet, og ikke hvilke spørsmål kandidatene har unnlatt å behandle. Kandidater som viser evne til å foreta en forstandig lovtolkning bør få god uttelling for det.

På bakgrunn av forutsatt tidsbruk, bør praktikumsoppgaven telle om lag 2/3 og teorioppgaven om lag 1/3 i bedømmelsen. Som alltid vil endelig karakterfastsettelse måtte bero på en helhetsvurdering av besvarelsen. I denne vurderingen må en ta hensyn til at kandidatene har studert juss i bare ett semester, og at det er en nokså omfattende eksamensoppgave hvor en ikke kan forvente at kandidatene går like detaljert til verks på alle spørsmål.



UiO : Det juridiske fakultet
Universitetet i Oslo

